



Solund kommune,
Postboks 73,
6921 HARDBAKKE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Solund kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Solund kommunestyre har i møtet 9. desember 2021, sak 055/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022-2025. Vi har motteke saksdokumenta til orientering. Kommunestyret har gjort vedtak om budsjettrevisjon i møte 16. juni d.å.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbake-melding om korleis vi vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren i Vestland. I forsøksperioden er Husbanken sine oppgåver for dette fagområdet overførde til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber difor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innafør det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

Oppsummering

Kommunen si lånegjeld er på eit høgt nivå og kjem til å auke vesentleg som følge av skule-investering. Kommunen må unngå å kome i ein situasjon med eit for høgt gjeldsnivå, jamfør også eit pårekna høgare rentenivå i dei komande åra.

Etter at dei reelle kostnadene med skuleinvesteringa er kjende seinare i år, bør kommunen nytte midlar frå disposisjonsfondet til ekstra nedbetaling av lånegjeld. Dessutan bør årlege låneopptak, utanom lån til investeringa i skule, vere lågare enn dei årlege ordinære avdraga slik at lånegjelda blir gradvis redusert i åra framover.

For å ha økonomisk handlefridom i dei komande åra er det viktig å unngå at lånegjelda blir for høg.



Budsjett 2022

I rekneskapen for 2021 er det eit netto driftsoverskot med kr 4,6 mill. Det utgjør 3,4 prosent av driftsinntektene i 2021.

Netto driftsoverskot i opphavleg budsjett for 2022 var kr 7,3 mill. Det utgjorde 5,5 prosent av driftsinntektene.

Kommunen budsjetterte opphavleg med kr 26,1 mill. i skatt på eige og inntekt for 2022, som no er oppjustert til kr 26,8 mill. i revidert budsjett. I revidert budsjett er summen av ordinær skatt og rammetilskot auka til kr 77,15 mill.

Inntektsprognosen frå KS for 2022 er oppdatert etter revidert nasjonalbudsjett. Pårekna auka inntekter i revidert nasjonalbudsjett må bli sett i samanheng med pårekna auka pris- og kostnadsvekst for kommunane i år. Den siste inntektsprognosen for skatt og rammetilskot er kr 76,9 mill.

Det er budsjettert med kr 1,45 mill. i eigedomsskatt for 2022. Innkomen eigedomsskatt i 2021 var om lag kr 1,4 mill.

Det var opphavleg budsjettert med utbetaling frå Havbruksfondet med kr 13,0 mill. i år. I revidert budsjett er utbetaling frå Havbruksfondet i år auka med kr 8,0 mill. frå opphavleg budsjett, det vil seie til kr 21 mill. Kommunen fekk i 2021 kr 8,2 mill. i utbetaling frå Havbruksfondet.

Det var opphavleg budsjettert med utbytte kr 2,45 mill. Det er utbytte frå BKK og SF Holding. I revidert budsjett er utbytte auka noko, til kr 2,7 mill.

Det er budsjettert med kr 6,4 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Det oppfyller minimumskravet i kommunelova.

Låneopptak til investeringar i år er i opphavleg budsjettvedtak kr 20,5 mill., som er fordelt mellom:

- kr 7,4 mill. til omsorgsbustader.
- kr 7,8 mill. til ny skule med bibliotek
- kr 5,3 mill. til andre investeringar

Det er dessutan budsjettert med startlån til vidare utlån, kr 500.000,-.

Investeringa i omsorgsbustader er no finansiert og fullført.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2021 var kr 144,3 mill., medrekna startlån til vidare utlån. Dette utgjør 106,3 prosent av sum driftsinntekter i 2021. Lånegjelda var til same tid om lag kr 187.900,- per innbyggjar.

Økonomiplan 2022 - 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.



I økonomiplanperioden er det lagt opp til netto driftsoverskot i åra 2022 og 2024, med netto avsetjing til disposisjonsfond. For 2023 og 2025 er det lagt opp til netto driftsunderskot, planlagt dekt med bruk av disposisjonsfond. Variasjonane i netto driftsresultat i økonomiplanperioden har samanheng med variasjonane i utbetalingane frå Havbruksfondet.

Kommunen hadde ved utgangen av 2021 eit disposisjonsfond på kr 32,4 mill., eller 23,8 prosent av driftsinntektene.

Lånegjelda kjem til å auke vesentleg i år som følgje av låneopptak til ny skule. Det er for dei neste åra lagt til grunn at låneopptaka blir avgrensa til maksimalt kr 5,0 mill. årleg.

Basert på det førebelse kostnadsoverslaget for skuleinvesteringa, vil kommunen si lånegjeld auke til om lag kr 191 mill. ved utgangen av 2022 og 2023. I 2024 og 2025 er det rekna at lånegjelda kjem til å bli redusert til i underkant av kr 190 mill.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal for 2022, i prosent av driftsinntektene:

- Netto driftsresultat på 5,8 prosent
- Netto lånegjeld med maksimalt 150 prosent
- Disposisjonsfond med 23,7 prosent

Måлтаlet for blant anna netto driftsresultat i år blir auka som følgje av større pårekna utbetaling frå Havbruksfondet. Større utbetaling frå fondet har også innverknad på andre nøkkeltal.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Kommunen si lånegjeld er på eit høgt nivå og kjem til å auke vesentleg som følgje av skuleinvestering. Skuleinvesteringa kan reelt bli høgare enn det førebelse kostnadsoverslaget. Kommunen må unngå å kome i ein situasjon med eit for høgt gjeldsnivå, jamfør også eit pårekna høgare rentenivå i dei komande åra.

Inntektene frå Havbruksfond har lagt til rette for å setje av midlar på disposisjonsfond som driftsreserve. Etter vår vurdering er disposisjonsfondet tilstrekkeleg stort. Etter at dei reelle kostnadene med skuleinvesteringa blir kjende seinare i år, bør kommunen nytte midlar frå disposisjonsfondet til ekstra nedbetaling av lånegjeld. Bruken av disposisjonsfondet til ekstra gjeldsnedbetaling bør likevel ikkje vere større enn kr 20 mill.

I dei åra kommunen får store utbetalingar frå Havbruksfondet, bør ekstrainntektene bli nytta til å bygge opp att disposisjonsfondet.



Lånegjelda bør bli trappa ned i dei komande åra, i tillegg den nemnde ekstraordinære gjeldsnedbetalinga. Kommunestyret har i økonomiplanen lagt til grunn at årlege låneopptak blir avgrensa til maksimalt kr 5,0 mill., utanom lån til skuleinvesteringa. Det er viktig at kommunen ikkje tek opp større lån enn dette årleg inntil vidare slik at lånegjelda gradvis blir redusert i åra framover.

For å ha økonomisk handlefridom i dei komande åra er det viktig å unngå at lånegjelda blir for høg.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent